

Kommunal- Og Distriktsdepartementet
Postboks 8112 DEP
0032 Oslo

Vår ref. (oppgjør ved svar)
24/9551

Dykkar ref.

Dato
22.04.2024

Høyrings svar - forslag til ny kart- og planforskrift

Viser til brev motteke den 24.01.2024 frå Kommunal- og distriktsdepartementet om forslag til ny kart- og planforskrift.

Generelt er Gloppen kommune positive til forslaget til ny kart- og planforskrift, då dei teknologiske løysingane knytt til framstilling og formidling av arealplan har endra seg sidan forskrifta vart vedteken i 2009, og sist endra i 2021. Kommunen har innspel til forslaget.

Våre innspel

Kapittel 3.6 – Tilgang til informasjon i planregisteret og det offentlige kartgrunnlaget (§ 5)
§5 siste ledd: *Kommunen skal sørge for at data fra planregisteret er tilgjengelig for nedlastning [...]».* Dette ansvaret bør ligge hos Statens kartverk, og ikkje hos kvar enkelt kommune.

Kapittel 4.2 – Det offentlige kartgrunnlaget (§ 7) og 4.3 – Krav om kartlegging (§ 8)
Etter kvart som andre datasett får stadig betre kvalitet er det eit aukande problem med feil og manglar i eigedomsgrensene i matrikkelen. Kvalitetsheving av dette datasettet bør gjennomførast som eit nasjonalt prosjekt, då kommunane sjølv ikkje har tilstrekkeleg økonomi/kapasitet.

Kapittel 5.3 – Plankartet (§ 11) og 5.4 – Vedtatt arealplan m.m. (§ 12)
Krava til plankart fungerer for reguleringsplan, men er etter vårt syn i stor grad uhensiktsmessig for kommuneplanen sin arealdel. Krava til detaljeringsgrad som blir stilt til kommuneplanen sin arealdel er, slik vi opplever det, ikkje foreinleg med framstilling på til dømes pdf-fil. Her må ein anten endre krava til detaljeringsgrad, eller lage ein eigen paragraf for framstilling av kommuneplanen sin arealdel, der ein berre legg opp til digital visning.

Kommunen er positive til at ein går vekk frå signering av plankart, og at det er kommunestyret sitt vedtak som er bindande.

Kapittel 8.3 – Hensynssoner (vedlegg III)
Gloppen kommune har nyleg vore gjennom ein omfattande prosess knytt til revisjon av kommuneplanen sin arealdel, og fekk den vedteken 14.06.2023 etter fem års arbeid. I samband med revisjonen gjorde kommunen seg nyttige erfaringar om verknad av spesielt

omsynssoner, ettersom arealplankartet si omsynssone for ras- og skredfare (H310) vart utdatert berre ei veke etter vedtak som følgje av at Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) oppdaterte aktsomhetskartet for snøskred.

Vi ber om at ein vurderer krava til framstilling av omsynssoner, spesielt aktsemdsområde for naturfare, i kommuneplanen på nytt og om dynamiske hensynssonekart kan innførast. Dette vil gjere det forutsigbart for saksbehandlarar samt private og profesjonelle aktørar å stole på at ein nyttar nyaste/gjeldande informasjon som grunnlag.

Det bør drøftast om naturfare i det heile er eigna for framstilling i arealdelen av kommuneplanen, eller om omsyna kan sikrast godt nok gjennom føresegner og krav til saksbehandling. Dersom konklusjonen blir at dette skal ligge i plankartet må for det første NVE påleggast å tilrettelegge **eitt** kartlag til bruk i arealdelen, der alle relevante naturfarekart er samanfatta. Det er uhensiktsmessig at den enkelte kommune skal gjere denne datajobben ved kvar kommuneplanrevisjon. I tillegg bør det sikrast gjennom lovendring og/eller tekniske løysingar at kartlag for omsynssoner i kommuneplanen enkelt kan oppdaterast når kartbasar som ligg til grunn vert revidert, utan at ein må følgje full prosess i samsvar med § 11-17 i plan- og bygningslova. Dette bør og krevje pliktig oppfølging frå dei som utarbeider kartgrunnlaga om informasjon og oversending av kartdata til kommunane ved revisjon som kan ha innverknad for kommuneplanen sin arealdel.

Vennleg helsing

Eirin Victoria Myklebust
tenesteleiar plan- byggesak og oppmåling
Tlf. 90 03 83 85

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:

Bjørn Aurlien
Torbjørn Brandsæter